

ARKEOLOGISK REGISTRERINGSRAPPORT

2024/9588 Kvastebyen

Sarpsborg kommune

Jan Berge 2025





ØSTFOLD
FYLKESKOMMUNE

Saksnummer og navn:	Gang- og sykkelvei Kvastebyen	
Kommune:	Sarpsborg	
Gardsnavn - gnr./bnr.:	1002/6 Strandløkken, 1002/8 Berghornæsløkken Søndre, 1002/14 Striden	
Oppdragsgjevar:	Sarpsborg kommune	
Feltarbeider:	Morten Bertheussen, Jan Berge	
Sakshandsamar:	Tryggve Csisar	
Registreringsperiode:	07-12.08.24	
FAGLEGE KONKLUSJONER:		ASKELOADEN ID:
☐	Ingen funn:	
☒	Funn av automatisk freda kulturminne:	323214, 323231, 323232
☐	Lausfunn – ikkje automatisk freda:	
☐	Utvida registrering - utgraven:	
☐	Frå før av kjente kulturminne:	
Stikkord:	Aktivitetsområde eldre bronsealder – førromersk jernalder.	


Framsida: ID323214 sett mot søraust. Den kvite pinnen markerer A2.



Plassering av planområdet i Østfold fylke.

Innhald


Bakgrunn for registreringa	4
Samandrag.....	4
Deltakarar og tidsrom	5
Områdeskildring.....	6
Metode.....	7
Maskinell sjakting.....	7
Undersøkinga.....	8
ID323214 – Kokegrolokalitet frå bronsealder/jernalder	8
ID323231 – Kokegrolokalitet frå bronsealder/jernalder	10
ID323232 – Aktivitetsområde frå seinneolitikum-eldre bronsealder	13
Oppsummering	18



Plassering av planområdet i Sarpsborg kommune.

Bakgrunn for registreringa

Det er varsla oppstart av planarbeid for gang- og sykkelveg i Kvastebyen i Sarpsborg kommune. På ei synfaring i august 2023 fann arkeologar frå dåverande Viken fylkeskommune ei lita flis med førhistorisk keramikk på ein åkerlapp nord i planområdet. Ut i frå dette og områdets topografi, rekna fylkeskommunen det som naudsynt med ei arkeologisk registrering i området, før det kunne gjevast ei endeleg fråsegn i saka jf. kulturminnelovas § 9.



Den planlagde traseen i Sarpsborg kommune.

Samandrag

Det vart påvist 3 lokalitetar i løpet av undersøkinga, med til saman 6 kokegroper, 1 kolgrop og 1 kulturlag.


Lokaliteter funne på registreringa:

ID-nr. ¹	Kulturminnetype	Vern	Skildring	Datering	Gnr./namn	m ²
323214	Kokegroplokalitet	Aut. freda	Kokegrop	BA-EJA	1002/8 Berghornæsløkken Søndre	44
323231	Kokegroplokalitet	Aut. freda	Kokegrop	YBA-FJA	1002/8 Berghornæsløkken Søndre	0,43
323232	Aktivitetsområde	Aut. freda	Kokegroper og kulturlag	SN-EBA	1002/6 Strendløkken 1002/14 Striden	788

Deltakarar og tidsrom

Med på denne undersøkinga var arkeologane Morten Bertheussen og Jan Berge frå Østfold fylkeskommune. Maskinførar var Willy René Johansen frå Jørgensen og Jørgensen maskinentreprenør AS.

Feltarbeidet vart gjennomført i august 2024.



Traseen i detalj.


¹ ID-nr. i riksantikvarens kulturminnedatabase «Askeladden» www.kulturminnesok.no

Områdeskildring

Kvastebyen ligg nesten 1 mil søraust for Sarpsborg sentrum, på vestsida av Skjebergkilen naturreservat. Planområdet ligg rett nord for Kvastebyen, på austsida av Kvastebyveien. Grunna redusert funnpotensiale og nokre beitedyr, vart det avtalt berre å undersøke i nord ved Strandløkka og i sør mellom Kvastebyveien 204 og 222.

Terrenget er svakt hellande mot aust og søraust. Vegetasjonen er grasmark og krattskog.

Det er ikkje kjent til kulturminne i planområdet forut for vår undersøking. Det er ei enkeltliggande skålgrop 60 meter søraust for, og funn av flint i grøftemassar 150 meter sørvest for, ID323232. Elles er næraste kulturminne gravrøyser på toppen av åsen nærare 500 meter mot vest.



Nærliggande kulturminne.

Metode

Maskinell sjakting

På denne undersøkinga vart maskinell sjakting nytta som registreringsmetode. Dette er den vanlegaste metoden arkeologane nyttar på dyrka mark, eller eigna stadar i skog. Vi opnar opp sjakter på opptil 3 m breidde med gravemaskin med flatt skjer på grabben og fjernar matjordlaget til vi kjem ned til undergrunnen. Denne vert reinsa fram med krafse og graveskei etter kvart der dette er naudsynt. Eventuelle førhistoriske strukturar som kokegroper, stolpehol, graver etc. vil vise seg som fyllskifte i undergrunnen.

Som dokumentasjon vart det teke digitale foto. Sjaktene vart målt inn med CPOS. Kartgrunnlag for innmålingane er ETRS 1989 UTM Zone 32N.



Willy har nett avdekt A1, som viste seg å vere ei nyare tids kolgrop. Sett mot sør.

Undersøkinga

Vi starta sjaktinga i sørleg del av planområdet, med to sjakter orientert nord-sør og to sjakter liggande aust-vest. Her fann vi lokalitetane ID323214 og ID323231. Så flytte vi oss over til ei lita open løkke i nord, ved Strandløkka. Her påviste vi lokaliteten ID323232.

ID323214 – Kokegroplokalitet frå bronsealder/jernalder

Fyrste strukturen dukka opp heilt nord i andre sjakta - ei sirkulær grop med ein del trekol i botn. Vi var litt usikre på kva dette var for struktur – om det var ei kokegrop utan skjørbrent stein eller noko anna. Ei radiologisk datering til tidsrommet 1497-1952 e. Kr. avslørte at dette var ei nyare tids kolgrop. Hovudvekta på dateringa ligg på 15-1600-talet.

Nærare 25 meter lengre sør i sjakta dukka det opp ei meir tradisjonell kokegrop, med trekol og skjørbrent stein. Denne var øydelagt av ei moderne grøft, truleg ein privat vassleidning. Det vart også gjort funn av eit par små fragment av brente bein i kokegropa.



A1 kolgrop i profil – sett mot vest.




A2 kokegrop i plan, øydelagt av moderne grøft. Sett mot vest.



ID323214 sett mot sør. A1 kolgrop nærast, A2 kokegrop markert med kvit pinne lengre borte i sjakta.



ID323214 sett mot nord. A2 kokegrop nærast med kvit pinne og gul krafse. A1 kolgrop markert med pinne lengre oppe i sjakta.



ID323214 med A1 og A2 markert.

Anleggsliste:				
Nr:	ID:	Type:	Skildring:	Mål (cm)
1	323214-1	Kolgrop	Sirkulær. Trekolrand i kant og botn – grå humushaldig sand i topp. Radiologisk datert til 1497-1952 e. Kr.	118 x 110 x 20
2	323214-2	Kokegrop	Trekol og skjørbrønt stein. Veldig øydelagt av moderne grøft. Funn av brente bein.	80 x 80-ish

ID323231 – Kokegroplokalitet frå bronsealder/jernalder

Siste sjakta sør i planområdet avslørte nok ei kokegrop. Denne ligg ca. 50 meter søraust for A2. Terrenget her er som ein låg liten aust-vest-gåande rygg, med tørr sand på toppen og meir fuktige og myraktige masser i kantane. Kokegropa ligg akkurat i skiljet mellom tørr og fuktig undergrunn, eit fenomen vi ofte observerer. Rett nord for gropa ligg ei rekke med større stein som ikkje verkar å vere natur. Sidan steinrekka kryssar sjakta i 90 grader, har vi ikkje det største kjeldegrunnlaget til å uttale oss om kva det eigentleg dreier seg om. Ei arbeidshypotese der og då var at det kanskje var botnen av ein steingard som no er fjerna.

Kokegropa vart radiologisk datert til tidsrommet 715-392 f. Kr., med hovudvekt på dei fire-fem hundreåra før vår tidsrekning. Dette er tidleg i førromersk jernalder, ein periode vi har svært mange dateringar frå i Østfold.



A3 kokegrop i plan – sett mot vest.




A3 kokegrop i profil – sett mot vest.



ID323231 - A3 kokegrop – sett mot nord.



ID323231-A1 - sett mot sørvest.



ID323231 med A3 markert.


Anleggsliste:				
Nr:	ID:	Type:	Skildring:	Mål (cm)
3	323231-0	Kokegrop	Sirkulær. Trekol og skjørbrent stein. Radiologisk datert til 715-392 f. Kr.	85 x 80 x 20

ID323232 – Aktivitetsområde frå seinneolitikum-eldre bronsealder

Neste lokalitet fann vi nord i planområdet – nesten 400 meter nord for A1. Her påviste vi 3 kokegroper, eit større kulturlag og minst 1 kokegrop i kulturlaget. Det var i dette området vi fann ein bit keramikk i 2023.

Kulturlaget vart radiologisk datert til tidsrommet 1873-1625 f. Kr. Då er vi i slutten av yngre steinalder – seinneolitikum – og inn i Periode I av eldre bronsealder.

På den tida sto havet rundt 17-18 meter høgare enn i dag, og landskapet var ganske annleis enn no. Skjebergkilen gjekk nærare 4 km vidare innover i landet, til Skjeberg kyrkje og Bjørnstad. Vår lokalitet hadde fri tilgang til fjorden rundt 40 meter nedover skråninga i aust og 90 meter i sør.



ID323232 med A4-7 markert.



Kokegropene A4 og A5 – sett mot vest.



Kokegrop A4 profil – sett mot vest.



Morten grev ein profil i kulturlaget A7 og kokegropa A8. Sett mot nordvest.



A7 kulturlag profil – sett mot sørvest.



A8 kokegrop profil – sett mot nordaust.



Kulturlagsprofilen A7 – sett mot sør.



ID323232 med dei tre funnførande sjaktene. Kokegropene A4-6 ligg øvst i sjakta til høgre. Sett mot nordvest.

Anleggsliste:				
Nr:	ID:	Type:	Skildring:	Mål (cm)
4	323232-1	Kokegrop	Oval. Trekol og skjørbrent stein.	145 x 115 x 20
5	323232-2	Kokegrop	Sirkulær. Trekol og skjørbrent stein.	100 x 90
6	323232-3	Kokegrop	Trekol og skjørbrent stein.	90 x >65
7	323232-4	Kulturlag	Svart av kol og full av skjørbrent stein.	20 cm tjukt.
8	323232-5	Kokegrop	Funne i kulturlaget, uråd å skilje ut omkrins. Trekol og skjørbrent stein.	Minst 45 cm djup.


Oppsummering

Den arkeologiske registreringa i samband med ny gang- og sykkelveg ved Kvastebyen i Sarpsborg kommune, resulterte i tre nye lokalitetar i Riksantikvarens kulturminnedatabase Askeladden. Det dreier seg om kokegroper, eit kulturlag og ei nyare tids kolgrop.

Dateringane strekk seg over 3400 år, frå yngre steinalder til 1600-talet. Alle kulturminnetypene er vanleg førekomande i Østfold. Ingen av dateringane er heller overraskande. I Østfold er kolgroper, jamfør underteikna og næraste kollegaers røynd, nesten alltid etterreformatoriske. Svært sjeldan får vi dateringar anna enn til nyare tid, då hovudsakleg frå 16-1700-talet. Andre stadar i landet, til dømes rett over grensa til Akershus, er det derimot ganske vanleg også å få dateringar til vikingtid-mellomalder på kolgropene. Dette fenomenet er i seg sjølv litt fascinerande.

Kokegroper som konsept strekk seg over lang tid – frå eldre steinalder og inn i yngre jernalder. Her i Østfold er yngre bronsealder – førromersk jernalder den aller vanlegaste datering å få på kokegroper. Statistisk sett er over halvparten av dateringane våre frå desse to periodane.

Kulturlag på ID323232 tolkar vi til å vere eit fossilt dyrkingslag. Det er ein gamal åker vi truleg har restane av her. Dette er ei vanleg førekomande kulturminnetype, men det er uvanleg å få såpass gamal datering som vi fekk på dette dyrkingslaget.




Kart over alle dei tre nyregistrerte lokalitetane. Vi ser også plasseringa av skålgropa ID249899.

13.02.2025

Feltarkeolog



Situasjonen for 3600 år sidan. Då låg lokalitetane våre ikkje langt frå stranda i ein fjordarm som Skjebergkilen er ein liten rest av i dag. Det er berre ID323232 med datering til seinneolitikum-eldre bronsealder dette har relevans for.



Same situasjon som ovanfor, med havnivået heva til 17 meter over dagens.

Funnliste:			
F.nr.	ID:	Skildring:	Dato/init.
1	323232-4	1 liten bit keramikk – lausfunn i åker rundt søraustre del av kulturlaget A7.	11.08.23/MB
2	323214-2	2 fragment av brente bein. Oppreins av kokegrop A2.	08.08.24/JB



ID323232 - F1 keramikk – lausfunn i åker over kulturlaget A7.



ID323214 - F2 brente bein – funne under oppreins av kokegropa A2.

Høeg – Pollen 876 842 262 MVA,
Helge Irgens Høeg,
Gloppeåsen 10,
3261 LARVIK

Larvik, 4/9-24.

Til Jan Berge, Løkkebråtveien 10 B, 1738 BORGENHAUGEN

Analyse av 12 kullprøver.

ID: 55073, A2, Løkkeliveien 43.

Det ble bestemt 40 biter. Av disse var 28 *Betula* (bjerk) og 12 *Quercus* (eik).. Godt daterbart materiale var 0,3 g.

ID: 55073, A7, Løkkeliveien 47.

Det ble bestemt 40 biter. Av disse var 1 *Betula* (bjerk), 5 *Quercus* (eik) og 34 *Pinus* (furu).. Godt daterbart materiale var 0,1 g.

ID: 320063, A1, KG, Sundby, 127/3, Moss.

Det ble bestemt 40 biter. Alle var *Betula* (bjerk). Godt daterbart materiale var 2,4 g.

ID: 320063, A2, KG, Sundby, 127/3, Moss.

Det ble bestemt 40 biter. Av disse var 37 *Betula* (bjerk) og 3 *Pinus* (furu).. Godt daterbart materiale var 0,6 g.

ID: 320201, A3, KG, Naerum

Det ble bestemt 30 biter. Alle var *Betula* (bjerk).. Godt daterbart materiale var 1,2 g.

ID: 320201, A6, KG, Naermo.

Det ble bestemt 40 biter. Av disse var 8 *Betula* (bjerk) og 32 *Quercus* (eik). Godt daterbart materiale var 0,6 g.

ID: 320202, A7, KG, Opstad.

Det ble bestemt 40 biter. Av disse var 4 *Betula* (bjerk), 4, *Fraxinus* (ask) og 32 *Quercus* (eik).. Godt daterbart materiale var 0,1 + 0,2 g.

ID: 320203, A8, KG, Opstad.

Det ble bestemt 40 biter. Alle var *Betula* (bjerk). Godt daterbart materiale var 2,3 g.

ID: 320204, A9, KG, Opstad.

Det ble bestemt 40 biter. Av disse var 33 *Betula* (bjerk) og 7 sannsynligvis *Quercus* (eik). Godt daterbart materiale var 0,7 g.

ID: 323214-1, A1, KG, Kvastebyen

Det ble bestemt 40 biter. Alle var *Pinus* (furu).

ID: 323231, A3, KG, Kvastebyen.

Det ble bestemt 40 biter. Av disse var 11 *Betula* (bjerk) og 29 *Corylus* (hassel).. Godt daterbart materiale var 0,2 + 1,5 g.


Vedartsanalyse.


ID: 323232-4, A7, KG, Kvastebyen.

Det ble bestemt 42 biter. Av disse var 16 *Betula* (bjerk), 2 *Corylus* (hassel), 10 *Fraxinus* (ask), 10 *Quercus* (eik) og 4 *Pinus* (furu).. Godt daterbart materiale var 0,2 + 0,05 + 0,1 g.

Helge Tjønnås dag.

Vedartsanalyse.





ID323231 – kalibrasjonskurve A3 kokegrop.

BetaCal 5.0
Calibration of Radiocarbon Age to Calendar Years
(High Probability Density Range Method: INTCAL20)


(Variables: $\delta^{13}\text{C} = -25.4$ o/oo)

Beta-Laboratory Number 709746

Conventional Radiocarbon Age (BP) 3430 $\pm$ 30 BP

95.4% Probability Calibrated Range(s)		
(78.2%)	1776 - 1625 cal BC	(3725 - 3574 cal BP)
(12.4%)	1873 - 1843 cal BC	(3822 - 3792 cal BP)
(4.8%)	1819 - 1797 cal BC	(3768 - 3746 cal BP)
68.2% Probability Calibrated Range(s)		
(58.1%)	1768 - 1686 cal BC	(3717 - 3635 cal BP)
(8.0%)	1865 - 1850 cal BC	(3814 - 3799 cal BP)
(2.2%)	1649 - 1644 cal BC	(3598 - 3593 cal BP)

KVASTEBYEN ID323232-4 A7 KL 12/8-24 JB



Database Used
INTCAL20

References

References to Probability Method

Bronk Ramsey, C. (2009). Bayesian analysis of radiocarbon dates. Radiocarbon, 51(1), 337-360.

References to Database INTCAL20

Reimer, et al., 2020, Radiocarbon 62(4): 725-757.

